



Statsbudsjettet 2009 Auka statstilskot til NFD



I statsbudsjett for 2009 som vart lagt fram den 6. oktober vert statstilskotet til NFD auka med 800 000,-. Av desse skal 500 000,- delast med LfS og skal gå til prosessen med å etablere ein ny felles organisasjon for folkemusikk. Les meir om statsbudsjettet [her](#).

Årbok for Norsk Folkemusikk Utgjeving etter nyttår

Årbok for Norsk Folkemusikk vil vere klar på nyåret, og redaktøren for Årboka 2008 er Anne Hytta. Alle medlemmer og abonnentar vil få boka tilsendt i posten. Om du *ikkje er medlem*, men ynskjer å tinge årboka, kan du sende ein e-post til nfd@folkogdans.no. Boka kostar 250 kroner.

Debatt om ny organisasjon Sei di mening!

NFD har fått ein del attendemeldingar på målet om å etablere ein ny felles folkemusikkorganisasjon, og me ynskjer å legge til rette for at medlemme kan debattere saka. På www.nfd.no kan du lese og debattere innlegg, og du kan sende oss ditt innlegg eller mening til nfd@folkogdans.no, eller per post. Les meir [her](#).

ÁRINN i Kristiansand Begeistra publikum og presse



ÁRINN gjekk føre seg i Kristiansand helga 4.-6. september. På scenen stod profilerte artistar som mellom anna Nils Økland, Øyonn Groven Myhren, Synnøve Bjørset, Åse Teigland. Respsensen frå publikum og presse var god, og fleire internasjonale journalistar var til stades og meldte konsertane.

- [Oppsummering av Árinn](#)
- [Meldingar av konsertane](#)
- [Bilete frå Árinn](#)

RFF-møte i Trondheim 16. - 17.oktober

Representantskapsmøtet i Rådet for folkemusikk og folkedans gjekk føre seg 16.-17. oktober. På møtet vart rapportane; "kulturskoleundersøkelsen", om folkemusikk i kulturskulane og "instrumentmakerutredning" ein tilstandsrapport og behov, lagt fram. Både rapportane skal gjerast ferdig i løpet av året og Rådet vil handsame og følge opp rapportane.

- [Referat frå møtet](#)
- [Leiarens tale](#)

PRAKTISK INFORMASJON

Medlemsmøte for NFD Fredag 28. november i Oslo

NFD ser det som viktig å ha dialog med medlemmene knytt til målet om etablering av ein ny organisasjon på feltet, og arrangerar difor medlemsmøte fredag 28. november kl. 19.00-21.00. Møtet vil finne stad i Oslo i Kirkegata 20. Møt opp! Les program [her](#).

Medlemskontigent for 2008 Har du hugsa å betale?

Om du ikkje har betalt medlemsavgifta til NFD, kan du overføre pengar til NFD sitt nye **konto.nr: 1503 04 18562**. Kva for kontingent du skal betale finn du på giro som ligg ved brevet, eller [her](#).

Årsmøte i NFD 2009 Laurdag 21. mars

Årsmøtet i NFD 2009 vil gå føre seg i Oslo *laurdag 21. mars*. Sett av datoen allereie no!

Om administrasjonen i NFD

1. september starta Haldis Gjømle i jobben som dagleg leiar i NFD. Lene Furuli går med det tilbake i full stilling i NorskFolkemusikkformidling. Eivind Kaasin er også tilsett i fast stilling som informasjonskonsulent.

NESTE UTGÅVE AV KVINTEN KJEM I JANUAR



Norsk Folkemusikk- og Danselag

Postboks 440 Sentrum, 0103 OSLO
Besøksadresse: Kirkegata 20
Epost: nfd@folkogdans.no
Telefon: 22 00 56 94
www.nfd.no / www.folkogdans.no

Om Kvinten

Kvinten inneheld nytt om Norsk Folkemusikk- og Danselag sitt arbeid. Om du ikkje lenger ynskjer å motta Kvinten, kan du melde deg av [her](#).